



4H Hordaland
PB 7310
5020 BERGEN

Dato: 18.06.2014
Vår ref.: 2014/12457-76
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar 2014- 4H Hordaland - org.nr. 993 230 170

Det vert vist til søknad med frist 01.mars 2014 om tilskott til drift av dykkar organisasjon. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har på møte den 03. juni i år vedteke å tildele dykk **kr 60.260,-** i driftstilskot for 2014

Tilskottet vert utbetalt dykkar konto nr. 3480.11.32121. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskott skal betalast attende.

Grunngjeving

Ved tildelinga i 2014 var det 35 søkjarorganisasjonar med eit samla medlemstal på 30 853. Det var kr 1 536 000,- til fordeling.

Ved vurderinga av dykkar søknad har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dykkar framstilling i søknaden. Kultur- og ressursutvalet fant at vilkåra for å tildela driftstilskott er stetta, og at det etter ei samla vurdering er grunnlag for å tildela tilskott. Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak kan finnast på Hordaland fylkeskommune sine heimesider: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1625> og link til liste over [merknader](#).

Føresetnader for tilskottet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnader:

- At opplysningane i søknaden er korrekte og gir eit dekkjande bilde av verksemda.
- At det ikkje finn stad vesentlege endringar i drifta i tildelingsperioden
- At tilsegnsmottakar rapporterer og medverker til eventuell kontroll i samsvar med retningslinene.
- At tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Gjennom aktiviteter, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskottsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

Rapportering og kontroll

Søkjar skal rapportere til fylkeskommunen. Rapporten skal innehalde årsmelding og årsrekneskap for tildelingsåret. Søkjar skal sjølv varsle fylkeskommunen dersom det oppstår vesentlege endringar som kan ha verknad for tildelinga.

Fylkeskommunen kan ta stikkprøvekontrollar av dei oppgjevne medlemstala og elles setje i verk kontroll dersom fylkeskommunen finn grunn for dette. Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad og på slik måte som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

Brot på vilkåra

Dersom det er gitt urette opplysningar i søknaden eller det ligg føre brot på retningslinjer og føresetnadar for tildelinga kan vedtaket om tilsegn verte gjort om heilt eller delvis. Pengane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamar: Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.